

Nytt fra RADØY

Budsjett 2009

Dette budsjettdokumentet er formannskapet sitt budsjettframlegg til kommunestyret, handsama i møte 13.11.2008.
Versjonsdato: 17.11.2008





Tryggleik, trivsel og livskvalitet for alle

POSITIV KOMMUNE

Radøy kommune er i positiv driv. Sjølv om kommunen har stram økonomi og store utfordringar i drifta, kan ein finna offensiv haldning og positivitet i heile organisasjonen. Kommunen har etter dei signal rådmannen har fått gjennom dei siste åra klart å skapa eit godt omdøme, både lokalt og elles i regionen. Satsing på omdømebygginga ser ut til å gi resultat. Me skal vere ein offensiv kommune med positivitet, kreativitet og me skal ha som hovudfokus å finna dei gode løysingane. Mediasaker i lokalpressa viser det siste året eit mangfald av aktivitet. Alt i frå melkedrikkking i barneskulen, kultur og aktivitet og politiske utspel har gitt Radøy uttallige spalte-meter. Rådman-nen nyttar høve innleiingsvis i budsjettet til å takka alle kommunepolitikarane, tilsette, samarbeidspartnarane og innbyggjarane for godt samarbeid i 2008, og me ser fram til vidare utvikling og vekst i 2009.

Budsjettdokumentet for 2009 er i større grad enn tidlegare eit mål-dokument. Einingane sine tidlegare tekstdelar er bytta ut med såkalla målark. Rådmannen er opptatt av at einingane skal styre etter konkrete mål og satsingsområde. Gjennom ein prosess som starta våren 2007, har me utarbeida strategikart for kommunen, satsingsområde, målandikatorar,

kritiske suksessfaktora, mål og tiltak. Alle einingsleiarane har vore med på utforminga av dei sentrale måla, og formannskapet har vore med i prosessen. Dei overordna måla i kommunedepelplanen er konkretisert gjennom kommunen sine fem perspektiv:

- 1) Godt omdøme
- 2) Nøgde brukarar
- 3) God ressursutnytting
- 4) Kontinuerleg organisasjonsutvikling
- 5) Godt arbeidsmiljø

Desse perspektiva genererer mål innanfor heile det kommunale tenestetilbodet, m.a. finn du mål som skal gi felles løft for kommune og næringsliv.

Me har også mål innanfor kvalitets-kommunearbeidet som skal gi oss redusert sjukefråvær og betre kvalitet på tenestene. Gjennom brukarundersøkingar, medarbeidarundersøkingar, korte "questback" og fokus på tilgjengelege objektive data, skal me kontinuerleg måla kvalitet, tenestefang, sjukefråvær, kompetanse og planarbeid.

2009 eit år som vert hugsa

Aldri nokon gong har Radøy kommune satsa så mykje på nyinvesteringar. Ein framtidsretta, moderne og fleksibel skule skal innviast til skulestart i august 09. Det vert knytta store forventningar til nyeskulen. Nytt velferdssenter med 15 (17) nye sjukeheimsplassar skal

takast i bruk. Me gler oss til å koma i gong med drift i bygningane og me vonar forventningane til funksjonalitet, kvalitet og fleksibilitet vert innfridde. I 2009 vil rådmannen også tilrå at me brukar 2,5 millionar av investeringsbudsjettet

til eit nytt aktivitetshus for ungdom. Etter lange prosessar og samtalar med ungdom, fritidskontakta, barne – og familietenesta og ungdomsskulen vart det sagt at utan hus vert tiltaka ikkje gode nok. Eit nøkternt bygg i nær tilknytning til Radøyhallen skal gi ungdomen ein varm og god stad å vere.

Innføring av eigedomskatt vart vedteke i 2008. Det har vore eit mål å halde promillesatsen så låg som råd er. Alle ønskjer me god skule og god eldreomsorg. Økonomien i kommunen gjer at for å få dette til må me gå til det skritt å innføra denne skatten.

Rådmannen leggjer fram eit nøkternt budsjett. Den største auken i drifta vert i heimetenesta. Over 200 brukarar gjer at presset til tider er formidabelt. Mange av brukarane i denne tenesta har eit stort pleiebehov. Utfordringa i 2009 vert å skaffa nok kvalifisert arbeidskraft til å imøtekoma alle dei store oppgåvene som ligg føre.

Vikarmangel

Mangelen på kvalifisert arbeidskraft gjer at me til tider ikkje får tak i vikarar. Fortvilte einingsleiarar klarar ikkje å dekkja kortids og langtidfråvær. Det vert difor viktigare enn nokon gong å halde fokus på førebygging og tilrettelegging slik at sjukefråværet vert så lågt som råd er. Kvalitetskommunearbeidet har fått tilskot i frå fleire hald, m.a. KLP. Me ønskjer å bruka nokre pengar på å arbeide med systematiske tiltak for å redusera sjukefråværet. Fysioterapi for kommunalt tilsette, trening, symjing, coaching, veiledning, tilrettelegging av arbeidsplassar kan vere nokre av dei tiltaka som vert sett i verk. I tillegg veit me at god leiing gir seg utslag i gode arbeidstilhøve. Leiarrolla vert difor fokus på fleire samlingar i 2009.



BALANSERT MÅLSTYRING RADØY KOMMUNE

Perspektiv	Strategisk Fokusområde	Kritiske suksessfaktorer	Måleindikator	Mål	Tiltak
Omdømme	O1 Positiv folketalsutv.	O1 Nok bustadareal Gode fritidstilbod Gode oppvekstvilkår	O1 SSB - folketalsutvikling	O1 5002 i 5012 U.råd og frivil.s. i samarbeid Betre enn landsgjennomsn.* Betre enn landsgjennomsn.**	O1 Merkeverbygging Aktivit. etter ungd. eiga ønske Kvalitetskom. Samarb. og utv. Lage Kvalitetsmelding til kommsl.
			O2 Generell oppleving	O2 Mål iht. kvalitetskommune	O2 Kontinuerleg fokus på sjukefråv 24/7 døgnåpen kommune kvalitetssikring av all sakshs
			O3 energiforbruket mijjøfyrtårn HMT	O3 ikkje auka energiforbruket Alle skular og bng innan 2012 Allianse kommune / næring	O3 Fokus på alt. oppv.kilder Oppstart miljøsertifiseringsprogr. Invitera næringslivet til fellesløft
Brukarar	B1 Nøgde brukarar	B1 God kontaktetablering Tilgjengelighet Sørviskommune	B1 Brukarundersøking *, ** Forbrukarrådet - undersøk. Norge.no	B1 fem radøynt, heimeside, avis topp tre i Hordaland Norge.no og fem stjerner	B1 Annonser, distribusjon Sakshs. tilgjengelege, kompetanse Arbeid med nettsida
			B2 Brukarundersøking *, ** Undersøking lag og org.	B2 Betre enn landsgjennomsn.*** Brukarmedv. I alle omst.pros.	B2 Utarbeide info strategi deltaking i møter - invitasjon
Ressursar	R1 Øk. handlefridom	R1 Kultur for kreativitet Budsjettisiplin	R1 Budsj.,reknesk., rapportar Rapportering kvar måned	R1 Arbeide med alt. Inntekter Einingsl.Sjølvsstendig ansvar	R1 Arbeide med attr. Næringsareal Innf. av ny modul i agresso, opplæring
	R2 Effektivisering	R2 Gode samordningsprosessar Interkommunalt samarbeid	R2 Brukarundersøking * R2 Gjennomførte tiltak	R1 Betre enn landsgjennomsn i **, ** R2 Sjå på nye fellestenester int.k	R1 Kont. Info til brukarane R2 nye samarb. tiltak, utv eksisterande
Org.utvikling	Oa1 Gode rutinar	Oa1 God kommunikasjon God samhandling God informasjon	Oa1. Brukarundersøking* Medarbeidarundersøking	Oa1 Oppdatert planverk	Oa1 Rullere planverket sentralt Sjukemeldingsoppfølging Medarbeidarsamtalar
	Oa2 Kontinuerleg utv.	Oa2 Innhald i jobben Gode verktøy	Oa2 Medarbeidarundersøk.	Oa2 4,7 i score på innhald	Oa2 Arb. med å få tid til å levera kvalitet
Arbeidsmiljø	A1 Gjere kvarandre gode	A1Språk skapar virkelighet	A1 Medarbeidarundersøk	A1 Samarbeid score 5,1	
	A2 Red sjukefråv	A2 Bemanning i høve oppgaver	sjukefråværsstatistikk	A2 Ta i bruk LØFT og DIALOG 30% red innan frå 07-09	A2 statistikk på einingsnivå Dialogkompetanse (kurs) Kvalitetskommuneprogrammet
	A3 Rekr og behalde komp	A3 Vere attraktiv, godt innhald god leing	A3 Medarbeidarundersøking Antall som sluttar	A3 Gi medarb. Mynde og ansvar over gj.sn. På snitt landet	A3 Ny kompetanseplan, ris-ros, medarbeidarsamtale/ leiarstamale

*bedre kommune **foreldreundersøkelsen

Radøy kommune sitt budsjett for 2009 er utarbeidd med utgangspunkt i eksisterande økonomiplan for 2008 -11, vedteken av kommunestyret i møte 29.05.2008 sak 043/08.

Frå 2002 og fram til årsskiftet 2007/08 var det konjunkturoppgang og optimisme i Noreg. Men fleire ting gjorde at denne utviklinga har snudd. Bustadlånkrisa i USA har spreidd seg til andre land, og den generelle utviklinga i verdsøkonomien har vorte negativ. Rentenivået har vore jamt stigande i Noreg dei siste åra, og verknaden av dette tek no til å syna seg for alvor. Framtidsutsiktene er uvisse, og dette gir svekka tillit. I Noreg har børsfallet har halde på sidan mai, og nedgangen er den største samanhengande nokonsinne.

Sjølv om 2007 var eit økonomisk godt år på mange måtar, syner driftsresultata i norske kommunar ein klår nedgang i høve til 2006. For 2008 reknar ein med ytterlegare reduksjon av netto driftsresultat.

Dette skuldast først og fremst at kostnadsveksten i kommunane har vore større enn det som er lagt til grunn i inntektsopplegget for kommunane. Særleg har lønsveksten vore sterk, men også prisane både på investeringar og andre innkjøp har auka mykje. Auka skatteinngang har i nokon grad dekkja kostnadsveksten, men ikkje fullt ut. Auka pensjonskostnader og rentekostnader, som ikkje vert kompensert gjennom inntektssystemet, forsterkar den negative utviklinga for kommunane.

Utviklinga i finanskrisa fører til stor usikkerhet når det gjeld utviklinga i rentemarknaden i tida som kjem. Truleg vil redusert økonomisk aktivitet og inflasjon føra til at rentene etter kvart går ned.

Redusert aktivitetsnivå kan også føra til at skatteinntektene til kommunane går ned, sjølv om det i neste runde kan føra til reduserte kostnader.

Korleis utviklinga faktisk vert, er det ingen som veit.

For Radøy kommune sin del, er budsjettet for 2009 utarbeidd på grunnlag av kommuneøkonomiproposisjonen for 2009.

Frie disponible inntekter

Modellen for utrekning av rammetilskot er noko endra i 2009. Det har kome inn nokre nye tilskot, men Radøy kommune får ikkje tildeling frå nokon av desse. Vi får innbyggjartilskot, og i tillegg skjønsmidlar tildelt av Fylkesmannen. Vi får vekst i skjønstilskotet, frå 2,1 mill i 2008 til 2,8 mill i 2009, noko som er positivt – men som sjølv sagt også syner at kommunen har utfordringar som ikkje vert fanga opp av inntektssystemet.

Lindås og Meland har fått veksttilskot, medan Austrheim, Fedje og Masfjorden har fått småkommunetilskot. Radøy og Osterøy kjem ikkje inn under nokon av desse «nye» ordningane.

Men i kommuneopplegget ligg også inne eit **nytt skjønstilskot**, der Hordaland er tildelt 3 mill. Dette tilskotet skal gå til skattesvake kommunar i Sør-Noreg som ikkje får del i andre tilskot. Det er berre

nokre få kommunar som ikkje får andre tilskot, og Radøy er den mest skattesvake av desse.

Radøy kommune får i 2009 tildelt kr 380.000 i slikt skjønstilskot.

Dei såkalla oppgåvekorrigerede frie inntektene vil auka med om lag 10,4 mill i 2009. I dette ligg auke som ikkje er knytt til direkte «øyremerka tiltak», som t.d. frukt og grønt i skulen. Men inne i auken ligg også det såkalla psykiatrilskotet, som i 2008 vart utbetalt utanom rammesystemet. Dette utgjorde om lag 3,7 mill., og vi får i utgangspunktet fullt kompensert for innlemming av tilskotet i rammesystemet.


Auken i frie midlar skal dekkja auka

lønskostnader, og det er i tillegg venta at auken mellom anna skal kunna gje betre tilbod innan pleie og omsorg.

I statsbudsjettet er lønsveksten pårekna til 5%. Ser vi på pårekna lønsvekst for Radøy kommune i 2009, vil denne utgjera om lag 5,2% utanom pensjon. Det er då teke utgangspunkt i faktisk resultat av lønsforhandlingane i 2008. Tek vi omsyn til at pensjonskostnadene vil auka med om lag 1 mill neste år, blir samla løns- og pensjonsvekst knapt 6%. Pensjonsveksten er såleis sterkare enn lønsveksten, og denne auken får vi altså ikkje kompensert gjennom inntektssystemet.

Heller ikkje aukande rentekostnader vert kompensert. Sterkt aukande lånegjeld pr innbyggjar gjer Radøy kommune langt meir følsom for endringar i rentenivå enn tidlegare. Eit vedvarande høgt rentenivå vil såleis vera ein klår ulempe.

Brutto lånegjeld pr innbyggjar



Fordelinga mellom skatt og inntektsutjamning er førebels ikkje klår, dette skuldast at endelege skattetal først vil liggja føre i januar 2009.

Fordelinga mellom rammetilskot og skatt vert gradvis endra over fleire år, slik at ein større del av inntekta kjem frå rammetilskot. Dette er ein fordel for skattesvake kommunar som Radøy. Rammetilskotet for 2009 er basert på folketalet pr 1.7.2008, og skal dermed gi eit rimeleg rett tal.

Skatteinngangen er basert på folketalet pr 1.1.2007, på same måte som i kommuneproposisjonen. Skatteveksten er høg, og med utgangspunkt i den generelle utviklinga i finanskmarknaden, er det grunn til å stilla spørsmål ved ein så stor auke. Men mogeleg

Hovudoversikt drift


	Budsjett 2009	Budsjett 2008 regulert	Budsjett 2008 opprinneleg	Rekneskap 2007
Brukarbetalingar	(12 838 000)	(11 455 000)	(11 445 000)	(13 360 928)
Andre sals- og leigeinntekter	(28 344 000)	(24 821 000)	(24 602 000)	(25 891 994)
Overføringar med krav til motytingar	(39 974 000)	(45 384 000)	(42 795 000)	(41 599 495)
Rammetilskot frå staten	(79 214 000)	(70 733 000)	(73 327 000)	(66 727 503)
Andre statlige overføringar	(6 729 000)	(6 280 000)	(6 359 000)	(10 994 081)
Andre overføringar	-	(50 000)	(50 000)	(124 325)
Skatt på inntekt og formue	(89 748 000)	(82 381 000)	(78 121 000)	(77 936 909)
Eigedomsskatt	(10 925 000)	(1 925 000)	(1 925 000)	(1 651 755)
Sum driftsinntekter	(267 772 000)	(243 029 000)	(238 624 000)	(238 286 992)
Lønsutgifter	147 823 000	136 655 000	130 167 000	135 805 001
Sosiale utgifter	40 732 000	37 960 000	37 076 000	35 140 501
Kjøp som inngår i kommunal prod.	34 199 000	31 220 200	31 468 200	35 705 768
Kjøp som erstattar egen prod.	13 494 000	11 164 000	9 751 000	12 049 503
Overføringar	17 023 000	12 765 800	17 134 800	12 924 795
Avskrivningar	11 426 000	10 330 000	10 330 000	10 934 609
Fordelte utgifter	2 407 000	2 724 000	1 724 000	3 421 302
Sum driftsutgifter	267 104 000	242 819 000	237 651 000	245 981 478
Brutto driftsresultat	(668 000)	(210 000)	(973 000)	7 694 486
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	(8 155 000)	(9 905 000)	(9 315 000)	(7 205 958)
Mottekne avdrag på lån	(60 000)	(60 000)	(60 000)	(66 233)
Sum eksterne finansinntekter	(8 215 000)	(9 965 000)	(9 375 000)	(7 272 190)
Renteutgifter, provisjon og andre finansutgifte	10 294 000	8 318 000	7 901 000	5 313 207
Avdragsutgifter	5 000 000	4 024 000	4 614 000	4 340 892
Utlån	60 000	60 000	60 000	81 744
Sum eksterne finansutgifter	15 354 000	12 402 000	12 575 000	9 735 843
Resultat eksterne finansieringstransaksjor	7 139 000	2 437 000	3 200 000	2 463 653
Motpost avskrivningar	(11 426 000)	(10 330 000)	(10 330 000)	(10 934 609)
Netto driftsresultat	(4 955 000)	(8 103 000)	(8 103 000)	(776 469)
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	(376 329)
Bruk av bundne fond	-	-	-	(1 318 544)
Sum bruk av avsetningar	-	-	-	(1 694 873)
Overført til investeringsrekneskapen	1 957 000	8 101 000	8 101 000	-
Avsetningar disposisjonsfond	-	-	-	780 519
Avsetningar til bundne fond	2 130 000	-	-	1 652 649
Sum avsetningar	4 087 000	8 101 000	8 101 000	2 433 168
Netto avsetningar	4 087 000	8 101 000	8 101 000	738 294
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	(868 000)	(2 000)	(2 000)	(38 175)

svikt på landsplan vil truleg verta kompensert gjennom revidert nasjonalbudsjett i mai, og rådmannen meiner difor at ein bør leggja det «offisielle» skatteanslaget til grunn.

Samla sett ser vi at kommuneoppbygget for 2009 og vidare gir ei betre innretting enn før, men for Radøy kommune gir ikkje omlegginga grunnlag for auka driftsomsfang på noko område.

Omlegginga av momskompensasjonsordninga frå 2010 får ingen verknad i 2009. Det er lagt til grunn tilnærma uendra bruk av investeringmoms i driftsrekneskapen, dvs ca 5,3 mill. Det er føresett av om lag 1,9 mill av den

Rente- og avdragskostnader



Budsjettskjema 1a

	Budsjett 2009	Budsjett 2008 regulert	Budsjett 2008	Rekneskap 2007
Skatt på inntekt og formue	(89 748 000)	(82 381 000)	(78 121 000)	(77 936 909)
Ordinært rammetilskot	(79 214 000)	(70 733 000)	(73 327 000)	(66 727 503)
Eigedomsskatt	(10 925 000)	(1 925 000)	(1 925 000)	(1 651 755)
Andre generelle statstilskot	(3 651 000)	(3 202 000)	(3 431 000)	(3 829 509)
Sum frie disponible inntekter	(183 538 000)	(158 241 000)	(156 804 000)	(150 145 676)
Renteinntekter og utbytte	(8 155 000)	(9 955 000)	(9 365 000)	(7 257 526)
Renteutgifter, provisjonar og andre finansut	10 294 000	8 318 000	7 901 000	5 313 207
Avdrag på lån	5 000 000	4 024 000	4 614 000	4 340 892
Netto finansinntekter/-utgifter	7 139 000	2 387 000	3 150 000	2 396 574
Til ubundne avsetjingar	-	-	-	780 519
Til bundne avsetjingar	2 130 000	-	-	1 652 649
Bruk av ubundne avsetjingar	-	-	-	(376 329)
Bruk av bundne avsetjingar	-	-	-	(1 318 544)
Netto avsetjingar	2 130 000	-	-	738 294
Overført til investeringsrekneskapen	1 957 000	8 101 000	8 101 000	-
Til fordeling drift	(172 312 000)	(147 753 000)	(145 553 000)	(147 010 808)
Sum fordelt til drift (frå skjema 1B)	171 444 000	147 751 000	145 551 000	146 972 633
Meirforbruk/mindreforbruk	(868 000)	(2 000)	(2 000)	(38 175)

samla investeringsmomsen skal overførast til investeringsrekneskapen.

Utviding av grunnlaget for eigedomsskatt frå 2009 til å omfatta alle eigedommar, vil gje auka inntekter til kommunen. Inntil taksering er gjennomført, er tala basert på estimat. Med ca 3.000 eigedommar og ein gjennomsnittleg takstverdi på 1 mill, vert det samla grunnlaget for eigedomsskatt ca 3 milliardar kroner. 3% eigedomsskatt vil såleis gje ca 9 millionar i eigedomsskatt til Radøy kommune. I tillegg kjem eigedomsskatt for verk og bruk, der ein held fram med maksimalsats på 7%. Det er sett av 1 mill til kostnader i samband med taksering, registrering og utskriving av eigedomsskatt i 2009.

Vidare er det lagt inn kr 380.000 som ekstra skjønstilskot til skattesvake kommunar. Summen er i samsvar med tilrådinga frå Fylkesmannen i Hordaland. Beløpet er lågare enn det ein la til grunn tidlegare i budsjettprosessen.

I samband med bygging av nye institusjonsplassar ved Velferdssenteret, har vi fått tilsegn frå Husbanken om tilskot. Det er lagt inn pårekna kompensasjonstilskot med ca kr 600.000 i 2009.

Ved utrekning av rentekostnader i 2009, er rentenivået sett til 6,3 % i gjennomsnitt. Renteutviklinga er framleis uviss, men hovudtendensen peikar mot lågare rentenivå i åra som kjem. Etter siste renteendring, ligg dei fleste låna våre på 6,6% pr 20.10.2008.

Aksjeutbyttet frå BKK er vidareført på same nivå som 2008, men justert for endra skatteregime. Det er gitt signal om at utbyttet vil kunna variera år for år i større grad enn tidlegare.

Det er ikkje rekna med avkastning på andre kortsiktige finansplasseringar i 2009.

Driftskostnader - skjema 1B

Utgangspunktet for driftsbudsjettet for 2009 er regulert budsjett for 2008.

Det vil etter planen bli tilsett leiar for **plan, næring og teknisk** i 2009, og auka kostnader knytt til dette er lagt inn i budsjettet med heilårsverknad.. Det er vidare lagt til grunn at sentraladministrasjonen kan spare inn om lag ei stilling i løpet av 2009.

Innan **skule** er det lagt inn 400.000 til utvida timetal i skulen, kr 200.000 til generelt auka utfordringar, og kr 300.000 til auka drift ved Sæbø skule. Det er førebels usikkert om dette er tilstrekkeleg til å dekkja kostnader som truleg vil koma. Ein del indikatorar peikar på at det vil koma auka kostnader, men utviklinga er usikker.

For **SFO** er det rekna med auka foreldrebetaling i 2009 og vidare. I prinsippet er SFO ei sjølvkostteneste, og kommunen har i ei årrekke «subsidiert» drifta ved SFO.

Musikk- og kulturskulen balanserer heilt på grensa av det som er mogeleg for å få til akseptabel drift, og rådmannen går inn for ei auka tildeling på kr 75.000 i 2009. Kombinert med auka eigenbetaling, skal det såleis bli rom for ei viss utviding av tilbodet.

Det vert også sett av ekstra midlar til **bibliotek** med kr 25.000,-. Hordabø filial har svært lite utlån, og vert føreslått lagt ned frå 1.1.2009.

Innføring av den nye kvalifiseringsordninga i NAV gjer at utgiftene til sosialhjelp vil kunna gå noko ned i åra som kjem, men det er ikkje rekna med at dette får netto verknad i 2009.

Rådmannen vil i løpet av 2009 vurdere tilknyttinga til **Nordhordland reiselivs-lag**. I høve til organisering og drift, må det gjerast endringar for at kommunen framleis skal sjå seg tent med å vera medlem i reiselivslaget.

Det er vidare sett av midlar til utvida stilling til kommuneoverlege frå 2009. Dette vil sikra betre heilskap og oppfølging av **kommunehelsetenesta**. Vidare er det teke omsyn til auka kostnader til den interkommunale legevaktssentralen, kr 165.000 for 2009. Ordninga med turnusrettlegg vert også overført til legevaktssentralen, og dette gir eit netto inntekststap på ca kr 137.000 frå 2009. Rammene for legetenesta må såleis utvidast noko i 2009.

Fysioterapitenesta har fått utvida

Budsjettskjema 1B

	Budsjett 2009	Budsjett 2008 regulert	Budsjett 2008 vedteke	Rekneskap 2007
Politisk	2 696 000	2 510 000	2 474 000	3 011 434
Sentraladministrasjonen	15 740 000	14 504 800	14 569 800	10 969 784
Kultur	1 631 000	1 651 000	1 608 000	1 522 483
Radøyhallen	1 167 000	1 141 000	1 109 000	1 188 142
Kyrkja	2 740 000	2 740 000	2 740 000	2 661 604
Felles skule/barnehage	24 000	(67 800)	(337 800)	344 073
Austebø skule	5 134 000	4 796 600	4 569 600	4 349 394
Hordabø skule	8 424 000	7 958 400	7 605 400	7 251 179
Manger skule	12 430 000	12 324 000	11 733 000	11 292 204
Sæbø skule	10 010 000	9 290 000	8 828 000	8 690 272
Radøy ungdomsskule	19 338 000	18 916 000	18 291 000	17 346 726
Radøy bibliotek	1 021 000	952 000	930 000	873 646
Austebø barnehage	571 000	462 000	216 000	220 893
Bø barnehage	952 000	789 000	794 000	865 428
Prestmarka barnehage	1 655 000	1 320 000	1 228 000	1 257 546
Sæbø barnehage	984 000	781 000	781 000	912 862
SFO	415 000	439 000	303 000	331 999
Radøy musikk- og kulturskule	1 347 000	1 210 000	1 154 000	1 105 474
PL Arbeid og opplæring	-	1 887 000	1 828 000	2 010 454
NAV Radøy sosial	4 559 000	4 683 000	4 659 000	5 549 638
Frivilligsentralen	317 000	311 000	293 000	230 593
Legeteneste	5 877 000	4 666 000	4 464 000	4 602 465
Fysioterapi	1 577 000	1 341 000	1 248 000	1 347 174
Velferdssenteret, inkl. dagtilbod	27 134 000	14 663 000	14 275 000	15 188 055
Hordabøheimen	287 000	10 936 000	10 673 000	10 044 980
Heimetenesta	18 768 000	17 087 000	15 894 000	15 807 125
BF-tenesta	16 718 000	14 884 000	15 145 000	14 299 178
Kommunal kjøkkendrift	(158 000)	(162 000)	(243 000)	(164 577)
Radøy interkommunale busenter	3 858 000	8 000	1 000 000	-
Barne- og familietenesta	14 385 000	11 421 000	8 512 000	9 299 620
Plan, næring	2 500 000	2 315 000	2 180 000	3 042 728
Teknisk drift, inkl. VAR	2 549 000	4 759 000	4 702 000	4 252 313
Reguleringspostar	(13 206 000)	(22 765 000)	(17 765 000)	(12 815 466)
	171 444 000	147 751 000	145 461 000	146 889 423

ramme, først og fremst grunna auka driftstilskot til private fysioterapeutar.

Heimetenesta har i 2008 hatt store utfordringar, spesielt i omsorgsbustadane. I periodar har det vore turvande å auka bemanninga med 2,8 årsverk, som svarar til ein person på dag og kveld, 7 dagar i veka.

Sjukefråveret har auka i dei travlaste periodane, og i løpet av hausten har fleire signalisert – og gjennomført – at dei ønskjer seg bort frå heimetenesta grunna det store arbeidspresset. Ein har i periodar måtta nytta vikarbyrå for å ha tilstrekkeleg bemanning.

Det ser dermed ut til at det ikkje er mogeleg å drifte omsorgsbustadane med dei ressursane som 2008-budsjettet er basert på. Frå 2009 vert det såleis

lagt inn 1 mill til auke i faste stillingar. 2,8 årsverk svarar til eit beløp på ca 1.4 mill. Auken i budsjettet er dermed i utgangspunktet ikkje nok til å dekke heile denne auken i drift, men gjennom samarbeid med Velferdssenteret tek ein sikte på utnytta dei eksisterande ressursane på best mogeleg vis.

Grunna tilhøva ved Velferdssenteret ser det ikkje ut til at vi kan ta ut nokon effekt første halvår, men vi vil bruke året til å sjå kva vi kan hente på dette samarbeidet.

Vidare går rådmannen innfor at det vert kjøpt inn fleire bilar til bruk i heimetenesta, for å få til meir rasjonell drift, og for å redusera bruken av bil-

godtgjersle til bruk av private bilar. Det er tale om å kjøpa bruktbilar av same type som heimetenesta no har.

For **Velferdssenteret** vart det i utgangspunktet budsjettert med ei innsparing i 2009 på 2,6 mill, etter samanslåing av institusjonane. Ca 700.000 av desse var innsparing i leiarløn. Denne vart lagt inn allereie i 2008-budsjettet, dermed vart målet for 2009 ei innsparing på 1,9 mill.

I tillegg taper vi refusjon frå ein annan kommune som tidlegare kjøpte institusjonsplass hos oss, totalt vil dette gi auka utgifter på kr 350.000,-.

Matbudsjettet for Velferdssenteret går opp med ca 400.000 i 2009, grunna auke i råvarekostnader som Radøy Matsørvis må ha dekkja inn. Til slutt er pågangen etter institusjons-

plassar ikkje blitt mindre i 2009. Per i dag har 48 brukarar institusjonsplass (langtids-, korttids- og avlastingsopphald), mens den nye institusjonen er tilpassa 40 – 42. Dette gjer at vi ikkje vil kunne gå så langt ned i tal årsverk som tenkt, dersom tenestene skal vere forsvarlege. I ein overgangsperiode vil eit dobbelt husvære i omsorgsbustadane verta nytta til korttids- og avlastingsopphald. Auka bemanning i omsorgsbustadane vil gje tenester også til desse brukarane.

Framskrivningstal frå revisjonen tilseier at aldersgruppene som tradisjonelt har det høgste forbruket av tenestene vi her snakkar om, vil verta redusert i Radøy i perioden 2010 – 2020. Vi ser likevel auka utfordringar i høve enkelttilfelle med alvorlege diagnoser, som i kortare eller lengre tid treng mykje hjelp. I 2008 har vi hatt to slike saker, der ein person krev 1:1 bemanning i heimen store delar av døgeret. I nært samarbeid med pårørande har vi klart å gje gode tenester også i år, men vi ser vi må ta høgde for slike utfordringar også i åra som kjem.

PL vart frå 01.10.2008 ein del av **BF-tenesta**, og skal frå nyttår flytta tilbodet til Manger. Det vert då ein del av nyoppretta Radøy Arbeidssenter, som inkluderer dagaktivitetstilbod, kantinedrift, utegruppe med meir. Det er sendt søknad til Husbanken om tilskot til innreing av areal ved Velferds-senteret til dette tiltaket, ref vedtak i kommunestyret 26.06.08, sak 07/414. Kostnadene ved nye brukarar i 2009 vert freista dekkja ved å omdisponere eksisterande ressursar.

Talet på **VTA-plassar** ved Aufera AS vert utvida i 2009, og den kommunale eigendelen med alle VTA-plassar vil utgjera ca kr 330.000 i 2009. Dette er teke med i budsjettframlegget.

Kjøkkenet har gjeve melding om at kostprisen til institusjonstenesta må aukast med 5% frå 1.1.2009, grunna lønsauke og auka råvareprisar. Ny døgnpris vert kr 140,-.

Eigendelen for kostnader til **ressurskrevjande brukarar** vil gå opp i 2009, som følgje av regulering av innslagsbeløpet frå 800.000 til 835.000. Kostnadene ved dei nye ressurskrevjande brukarane overført frå DPS til **Radøy**

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2009

Slam og renovasjon

Representantskape i NGIR har 27.10.08 har vedtatt at renovasjonsgebyret må aukast med kr 270,-. Auken på dei einiskilde gebyra varierer frå 9,5% til 14,6%. Dei fleste abonnentane vil få ein auke på 10,4%. Årsakene til auken er depoforbod og auke i personal- og transportkostnader. Gebyra vert som følgjer (alle gebyr er rekna med meirverdiavgift)

Renovasjon	Rabatt/ tillegg	Utan heimekomp.	Med heimekomp.
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-250,-	2.615,-	2.115,-
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter		2.865,-	2.365,-
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	+250,-	3.115,-	2.615,-
Hytterrenovasjon		1.432,-	

For **slam** har prisane vore dei same sidan 2003, og utjamningsfondet er no brukt opp. NGIR har vedteke å auka gebyret med 20,6% grunna sterk auke i transportkostnadene. I tillegg kjem eit kommunalt påslag på kr 145,- for administrasjon som ikkje vert auka. For slam frå kommunale slamavskiljarar er auken 26,6% pr. m³. Gebyret vert då kr 1.066,- og kr 356,- pr. m³ frå kommunale avskiljarar. Rådmannen rår til at kommunen godkjenner NGIR sine vedtak for gebyr på slam og renovasjon.

Feiartenesta har no 0,9 årsverk. Det vert gjort framlegg om 5% generell prisauke Gebyret vil då auka til kr 352,50.

Byggesaksgebyr, oppmålingsgebyr m.v.

Desse gebyra har ikkje vore auka dei tre siste åra, og vert difor føreslått auka med om lag 10% med unntak for plangebyra som synest liggja rimeleg høgt frå før. Gebyra for ulovleg bygging vert derimot auka kraftig. Gebyrregulativet ligg føre i eige hefte.

Vatn og avløp

I samsvar med særrekeskapen og føreliggjande planar, vert årsgebyra auka med 20% både for vatn og avløp.

Vatn- og avløpsgebyr	Inntil 90 m ²	Over 90m ²
Årsgebyr vatn	2.111,-	3.960,-
Årsgebyr avløp	2.518,-	4.712,-
Årsgebyr vatn - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		942,-
Vassforbruk etter målar (pr m ³)		15,67
Tilknytingsgebyr vatn (uendra frå 2008)		18.375,-
Årsgebyr avløp - Forsamlingshus med mindre bruksfrekvens		1.122,-
Avløp - forbruk etter målar (pr m ³)		18,34
Tilknytingsgebyr avløp (uendra frå 2008)		19.875,-

Eigenbetaling i pleie og omsorg

Eigenbetalinga vart ikkje auka i 2008. Det vert lagt opp til omlag 5-6%, med unntak for heimehjelp der det vert gjort ein større auke for dei med inntekter ut over 2G. Prisane går fram av tabellen til høgre. Dersom regjeringa fastset ny maksimalsats for heimehjelp (gjeld brukarar med inntekt inntil 2 G), vert dei kommunale satsane auka.

Heimehjelp

G-trinn	Time- pris	Maks pr månad
Inntil 2G	100,-	150,-
2-3G	100,-	750,-
3-4G	200,-	1.100,-
4-5G	250,-	1.500,-
Over 5G	300,-	1.800,-

Gebyrsatsar og eigenbetaling 2009

Tenester ut over primærteneste og vaktmeistertenester	275,- pr time
Mat til heimebuande	Liten porsjon kr 52,- Stor porsjon kr 59,-
- transport av mat	5,- pr porsjon
Opphald i dag/aktivitetssenter	88,- pr dag
Tryggleiksalarm	280,- pr mnd

Husleiger i kommunale husvære/lokale vert regulert i høve konsumprisindeksen pr 1.1.2009.

Foreldrebetaling i barnehagar er i samsvar med føringar frå departementet ikkje regulerte opp og prisen vil framleis vera kr kr 2.330,- for 5-dagars plass. Kommunen får tilført midlar som skal dekkja «tapet» som følgje av manglande prisregulering.

Foreldrebetaling i SFO vert auka med 5% frå 1.8.2009. Dette for samla å nærma seg sjølvkost for SFO-ordninga i Radøy.

Eigenbetalinga i Musikk- og kulturskulen

vert auka med kr 100 pr. semester for kurs og kr 10 pr. time til lag frå 1.8.2009, slik prisane går fram av tabellen til høgre.

Søsken/familierabatt vert vidareført med 25 %. Det vert betalt full pris for det dyraste kurset.

Det same gjeld elevar som deltek på fleire kurs.

Instrumentkurs/vokalkurs	1.350,-
Musikkverkstad/aspirantkurs, musikkbarnehage, kunst/drama	1.250,-
Sal av timar til lag (pr time)	245,-

Radøyhallen

Prisane for bading i Radøyhallen er heller låge, og det vert lagt opp til heller store auke i desse. For utleige av hall vert justeringa om lag 5%. Kommunen har elles oppgradert skytebane for ca 250.000 kr i 2008. Leiga for skytebane vert difor føreslått auka med 4000 kr. Følgjande prisar vert gjort gjeldande frå 1.1.2009

Leige av idrettshall/symjehall	220,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Leige av terapibasseng	180,- pr. time (til lag/organisasjonar)
Klippekort symjebasseng - 20 klipp	300,-
Klippekort symjebasseng - 10 klipp	150,-
Enkeltbillett vaksne	50,-
Enkeltbillett born	25,-
Born under 5 år gratis ifølgje med vaksne	
Klippekort terapibasseng - 5 klipp	220,-
Enkeltbillett terapibasseng born/vaksne	60,-
Born under 3 år gratis i følgje med vaksne	
Leige skytebane (pr år)	30.000,-

interkommunale busenter (RIB) vil såleis verta høgare enn tidlegare rekna med. Samstundes vert tilskotet for 2009 rekna av eit noko høgare grunnlag enn det som ligg inne i budsjettet, og ein legg såleis til grunn auka inntekter her. Refusjonsinntekta vert ført på den eininga der kostnadene er, og auka inntekt fører såleis til reduksjon av ramma, men uendra aktivitetsnivå. Busenteret har kapasitet på 9 plassar, og av desse er 7 oppfylte i dag. Radøy kommune nyttar 4 av plassane.

Vidare ser det ut til at vi kan få minst ein ressurskrevjande brukar, der vi må kjøpa tenester i institusjon i andre kommunar. Her kan det bli tale om ein netto kostnad på ca 1,5 mill for Radøy.

Midlane til opptrappingsplanen for psykiatri kom til og med 2008 som eit særskilt øyremerka tilskot, men frå 2009 vert tilskotet innlemma i rammetilskotet. Dette fører til at ramma for **barne- og familietenesta** vert utvida med 3,7 mill, men rammetilskotet aukar altså tilsvarande. Kommunen sin netto kostnad er såleis auka, fordi tilskotet ikkje vert justert opp med forventa løns- og prisauke i 2009.

I reguleringspostane er det lagt inn lønsvekst frå 1.5.2009 med 3,9 mill. Vidare er det sett av til auke i generelle driftskostnader med 1 mill, og 500.000 til auka vedlikehaldskostnader. Dette er postar som vert fordelt på einingane etter behov.

Det er også lagt inn kr 200.000 til kvalitetskommuneprosjektet i 2009. Dette beløpet vert ikkje vidareført til seinare år.

Skattevedtak for 2009

Det kommunale skatteøret vert fastsett til høgaste lovlege sats, som for 2009 er føreslått til 12,8% på inntekt og 1% på eiga.

Eigedomsskatten vert frå 1.1.2009 sett til 7‰. I samsvar med eigedomsskattelova §12 a, b og c vert satsen sett til 3‰ for bustader, bygningar og tomter.

BALANSERT MÅLSTYRING SENTRALADMINISTRASJONEN

Perspektiv	Strategisk Fokusområde	Kritiske suksessfaktor	Måleindikator	Mål	Tiltak
Omdøme	o1 kompetanse	o1 God sakshandsaming	o1 Resultat frå kartlegging "små brukarundersøkingar" Forvaltningsrevisjon	o1 Driva god og rettferdig sakshands etter gjeldande retningslinjer og lovar	o1 ny kompetanseplan, kartlegging av kompetanse. Kvalitetssikring av alle utgåande dok
	O2 Serviceinnstilt	O2 Brukarfokus Tilgjengelighet Oppfølging	O2 Generell oppleving Brukarundersøkingar * Brukarundersøkingar*	o2 Alle som henvendar seg til adm. skal oppleva at dei vert behandla med respekt og likeverd	o2 Fokus på haldningar, humør, arbeids- tilhøve, husmøter, kva tida brukes til og mellommenneskeleg kompetanse
Brukarar	B1 Nøgde brukarar	B1 God kontaktetablering Tilgjengelighet Sørviskommune	B1 Brukarundersøking * , ** Forbrukarrådet - undersøk. Norge.no	B1 Arbeide for å gi innbyggj. føreselelege tenester og god informasjon	B1 Fokus på rutiner, delegasjon og "sannhetens augeblik" - møtet med brukaren som viktigaste møte.....
	B2 Brukarmedverknad	B2 Kontinuitet i relasjonar Bruka råd og lag	B2 Brukarundersøking * , ** Undersøking lag og org.	B2 Brukarperspektivet ska vera hovudelementet i all sakshands.	B2 Likskap i saksh, god informasjon og rettleiing om saksgang
Ressursar	R1 Øk. handlefridom	R1 Kultur for kreativitet Budsjett disiplin	R1 Budsj.,reknesk., rapportar Rapportering kvar månad	B1 Best mogleg bruk av ressurs. gjennom å prioritera rett	R1 Gjere ei oppgåvegjenomgang og sjå på eff.tiltak og ha godt utstyr
	R2 Effektivisering	R2 Gode samordningsprosessar Interkommunalt samarbeid	R2 Medarbeidarundersøking R2 Gjennomførte tiltak	R2 Arbeide for å få god samhandl mellom avdelingane	R2 Husmøter, seksjonsmøter - avsett tid
Org.utvikling	Oa1 Gode rutinar	Oa1 God kommunikasjon God samhandling God informasjon	Oa1 Gjennomførte tiltak Medarbeidarundersøking	Oa1 Tydeleg delegasjon Gode personalpol. Retningslinjer	Oa1 Utarbeide nytt delegasjonsregl frå rådm til saksh. Oa1 revisjon av personalpol.retningslinjer
	Oa2 Kontinuerleg utv.	Oa2 Innhald i jobben Gode verktøy	Oa2 Medarbeidarundersøk.	oa2 Auka score frå 2007 med 0,2	Oa2 Husmøter minst 6 g. pr år Fokus på innhald og oppgaver
Arbeidsmiljø	A1 Gjere kvarandre gode	A1 Språk skapar virkelyheit	A1 Medarbeidarundersøk	A1 Auka score med 0,2 på fys. Forh.	A1 Generell vedlikehald, utstyr, ergonomi
	A2 Red sjukefærvær	A2 Bemanning i høve oppgaver	A2 Sjukefråværsstatistikk	A2 Gjennomføre mål i kval.kommune	A2 Systematisk sjukefråværsarbeid God leing, kvalitetskommune Godt innhald i jobben, kval.kommune
	A3 Rekr og behalde komp	A3 Vere attraktiv, godt innhald god leing	A3 Medarbeidarundersøking Antall som sluttar	A2 Kjenna seg stolt over eiga arbeidsplass - auka score med 0,1 frå 2007	A2 Tilgjengelig leiarar, godt organisasjons- kart og føreselelege rammer

*bedre kommune **føreldeundersøkingen


Overordna målekort for alle skulane i Radøy

Perspektiv	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	Elevane skal oppleve meistring i skulen	Vektleggja kvalitet i dei praktisk-estetiske faga
	Prioritering av strukturert leseopplæring/lesetrening i heile grunnskulen.	Styrka vurderingsarbeidet i tråd med nye krav. Gjennomgåande plan for leseopplæringa på alle årssteg.
	Inga mobbing på skulen	Bruka Zero/Olweus plamessig.
Omdøme	Elevane skal kjenna at læraren følgjer dei opp.	Betre tilpassa opplæring ved å involvera PPT i systemretta arbeid som kan styrka undervisninga Tydelege læringsmål (frå UDIR)
	Fleire foreldre skal kunna venda seg til skulen utan redsle for at kritikk skal slå tilbake på eigne born	Arbeide med Skule/Heim- samarbeid, t.d foreldrekurs. Alltid møta foreldra med respekt
	Halda fram med å få akseptable resultat på nasjonale prøvar i alle fag.	Leseopplæring – tilpassa opplæring - prøvetrening
Ressursutnytting	Tilstrekkeleg elevplassar	Justera kringsgrenser
	Sikra best mogleg fordeling av tilgjengelege ressursar mellom skulane	Gjennomgang av rammetimetsmodell. Gjennomgang av fordelinga av driftsmidlar.
	Sikra best mogleg bruk av tilgjengelege ressursar på skulane.	Full lokal ressursdisponering. PPT må nyttast til å vurdere tilhøvet tilpassa opplæring. Spes.und Informasjon om fordelte kostnader
Organisasjonsutvikling	Skulane må nærma seg målet om å vera lærande organisasjonar.	Halda fram skuleleiaropplæringa der kursregionen prioriterer dette temaet.
		Nytta rektormøta som treningsarena og verkstad i arbeidet.
		Breitt engasjement i pedagogiske årsmeldingar
Arbeidsmiljø	Som kommunale mål (sentraladm)	Som kommunale mål (sentraladm)

Elevtal pr skule

	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Austebygd skule	53	55	51	50	54	52	49	49	46
Hordabø skule	97	93	97	97	102	96	101	108	112
Manger skule	153	163	165	166	164	163	156	140	137
Sæbø skule	156	153	149	148	150	136	128	131	125
Radøy ungdomsskule	206	204	203	198	203	211	213	202	186
SUM	665	668	665	659	673	658	647	630	606

Driftskostnad pr elev



Austebygd skule

Perspektiv	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	Auka fokus på god informasjon til heimane	Brev heim om aktivitetar på skulen Foreldreskule for dei nye 1. klasseforeldra
	Brukarmedverknad	Bruka tid på foreldremøte til å diskutera kva heim og skule kan gjera i forhold til elevane sin motivasjon og korleis heimane kan få betre innsikt i elevane si læring (jfr. Foreldreundersøkinga)
Omdøme	Positiv omtale av skulen, både innad og utad	Bevisstgjerjing i personalet på korleis me ser på og snakkar om vår eigen arbeidsplass, setja fokus på alle dei positive sidene. Bruka Radøyntyt, lokalaviser ol. aktivt for å «visa oss fram»
	Oppdaterte heimesider	Regelmessig oppdatering av heimesidene - i utg.punktet kvar veke. Vektleggja bilete og tekst om positive aktivitetar på skulen. Oppfordra heimane til å abonnere på nytt frå eigen skule
Ressursutnytting	Gode rutinar for å ha oversikt over og styring med økonomien	Regelmessig oppdatering på budsjett/rekneskap, og halda personalet orientert om dei store linjene/ rammene her.
	Fokus på god bruk av personalressursen	Sjå på organiseringa ilag med personalet. Fokus på individuell kompetanse - og bruken av lærar/assistent-tid
Organisasjonsutvikling	Få til ei god organisering av personalmøta og av den pedagogiske samarbeidstida	Nytta arbeidverktøy som me har lært gjennom LUIS-samlingane (Alle førebudde - m/ansvar for deltaking, Ringstadbekk-kryssset m.m.)
	Felles fokus på god kommunikasjon	Vidare intern kursing i "Samspelsmetoden Dialog" - etter nyttår
Arbeidsmiljø	Det skal vera kjekt å gå på jobb!	Fokus på å ha ein god kommunikasjon: Sjå kvarandre, godt humør, bevisste på å gje oppmuntrande tilbakemeldingar m.m. Medarbeidersamtale
	Auka fokus på å gje individuelle utfordringar og ansvar	Meir delegering av oppgåver + gje tid til å gjera dette

Sæbø skule

Perspektiv	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	Elevane skal oppleve meistring i skulen Prioritering av strukturert leseopplæring/lesetrening i heile grunnskulen. Betre læringsresultat for elevane Inga mobbing på skulen Elevane skal oppleve at læraren følgjer dei opp. Tydelegare oppfølging av den einskilde elev Auka elevane sin digitale kompetanse Auka kommunikasjon elev/lærar og skule/heim.	Vektleggja kvalitet i dei praktisk-estetiske faga Utarbeida vurderingsmalar i tråd med nye krav Gjennomgåande plan for leseopplæringa på alle årssteg. Gjennomgang/evaluering av plan mot mobbing, (Zero) kvart år. Tettare samarbeid mellom skulen og PPT gjennom spespedteam kvar måned Tettare kontakt med heimane gjennom skriv om sosial kompetanse kvar måned Den som er i klassen skal sjå alle elevane kvar dag Styrka undervisninga gjennom arbeid med læringsstrategiar Nytta overgangen til ny skule til pedagogisk utvikling Innføring av den digitale læringsplattforma it's learning
	Fleire foreldre skal kunna venda seg til skulen utan redsle for at kritikk skal slå tilbake på eigne born	Arbeide med skule/heim- samarbeid, t.d foreldreseminar og open dialog. Alltid møta foreldra med respekt
Omdøme	Halda fram med å få akseptable resultat på nasjonale prøvar i alle fag.	Leseopplæring – tilpassa opplæring - prøvetrening
	God informasjon til heimane	Informasjonsfolder til heimane kvar haust.
Ressursutnytting	Sikra best mogleg bruk av tilgjengelege ressursar på skulane.	Full lokal ressursdisponering.
	Betre tilpassa opplæring-mindre behov for spes.ped	Teama får større ansvar for samla timebruk Eksterne skulevurderarar ser korleis skulane organiserer dagen. Arbeida med læringsstrategiar og læringsmiljø
Organisasjonsutvikling	Betre samarbeidsrutinar mellom lærar og assistent	Samarbeidstid mellom lærarar og assistentar
	Utvikla skulen som ein lærande organisasjon	Nytta møta på skulen som treningsarena og verkstad i arbeidet. Breitt engasjement i pedagogiske årsmeldingar heile året
	Samkjørte handlingar i personalet.	Samtalar/diskusjonar i personalet. Bruk av "case" Plangruppe-, team-møte kvar veke
Arbeidsmiljø	God trivsel for vaksne og barn	Samtalar/diskusjonar i personalet. Bruk av "case"
	Utvikle og forbetre samarbeid kollegaer imellom.	Samtalar/diskusjonar i personalet. Bruk av "case"
	Utvikla samhaldet i personalet	Personaltur med pedagogisk innhald. Sosial samling kvart halvår.

Manger skule

Perspektiv	Mål	Tiltak	
Nøgde brukarar	Elevrettleiing og elevvurdering – auke % elevar som opplever å få god rettleiing for å verta betre	Bevisstgjeringarbeid med elevane i tydelege elevsamtaler	
		Kurs i elevrettleiing i personalet 2 møtedagar. Bevisstgjering om fagleg rettleiing dagleg og systematisk.	
	Auka i dei klare forventningane foreldra opplever frå skulen	Vidare arbeid med læringsmål kvar veke.	
		Eige tema på klasseforeldremøte haust -0 Dialog/ eige punkt på førebuingsskjema til foreldresamtalen. Skuleseminar for 1. klasse nye foreldre vår -09	
Omdøme	Foreldre skal vera meir trygge for å verta tatt godt imot med både positive og negative saker dei kjem til skulen med.	Personalet omtala skulen og arbeidet her i positive ordelag. Ta utfordringane internt. Motarbeida ein klage-kultur. Feira våre små oppturar, synleggjera det vi gjer godt/oppslag. Gjera kvarandre gode. Fotografera og skriva om det utad. 3 oppslag i lokalaviserne vår og haust om positive saker hjå oss. Bruka Radøynytt og RK si nettside til positiv omtale.	
Ressursutnytting	Utnytta økonomiske ressursar best mogeleg.	Vikartimar brukt av det faste personalet som kjenner kvardagen.	
	Fleksibel utnytting av menneskelege ressursar der dei trengs mest.	sjå tiltaka under Organisasjonsutvikling.	
Organisasjonsutvikling	Betre samarbeidsrutinar mellom lærar og assistent og med reinholdarane/ vaktmeister som gir meir informerte og samkjørte handlingar i personalet.	Faste og regelmessige møte mellom lærarar og assistentar	
		Eigen PC / arb.plassar utnyttar tida betre	
		Spes.ped.team har møte kvar månad.	
		Plangruppa har møte kvar månad.	
		Romplan på dørene viser når rommet er i bruk. Plan for møte og samtalar vert hengt på døra.	
Arbeidsmiljø	Auka trivsel på arbeidsplassen med betre fysiske arbeids-tilhøve og betre rammer for fagleg og sosial samhandling.	Nye kontorarbeidsplassar	
		Eiga datamaskin til alle lærarane med datakursing.	
		Flere elevdatamaskiner	Bassentrening kvar onsdag
		Teatertur for personalet.	Varm mat på kursdagar
		Personalfest og personalmøte haust og vår med mat.	
		Juleavslutning for personalet	

Hordabø skule

Perspektiv	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	God dialog med brukarane.	Bruka DIALOG i møte med brukarane. Gjera kvaliteten på dialogen endå betre ved å skolera resten av personalet i "DIALOG"
	Fokus på brukarmedverknad.	Førebu innføring av FORELDRESEMINAR
	Arbeide vidare med å gje informasjon til elevar og føresette.	Laga ny layout og justera innhald i FORELDREINFOANE Leggja meir stoff ut på skulen si HEIMESIDE
	Omdøme	Arbeide for å oppretthalde dei gode resultatane på foreldreundersøkinga.
God informasjon		
Positive aktivitetar.		
Ressursutnytting	Fokus på best mogleg bruk av rammetimar gjennom fleksibel organisering.	Bruk av eksterne rettleiarar som kan vurdere dagens organisering.
	Samtalar kring over - underskotsdekning.	Møte med Rådmann/økonomisjef i desember.
Organisasjonsutvikling	Kontinuerleg fokus på utviklingsplanen til skulen.	Gjennomføra tiltaka i skulen sin utviklingsplan (eigen plan).
	Arbeide for å verte ein lærande organisasjon.	Innføra bruk av lærande team og lærande skule.
	Fokus på innhaldet til skuleutvalet.	Gjennomfør dei punkta som alt ligg inne i skulen sin utvikl.plan. Syta for at gjenstående punkt vert implementert og gjennomført.
Arbeidsmiljø	Utvikle personalhandbok.	Gjera ferdig ny personalhandbok innan mars 09.
	Utvikle og forbetre samarbeid kollegaer imellom.	Samtalar/dørfingar i personalet og på medarb.samtalar. Kome fram til tiltak for å forbetre samarbeidet.
	Arbeide for å få betre score på stoltheit over eigen arbeidsplass.	Samtalar/drøftingar - finne ut tiltak for å få høgare score.

Radøy ungdomsskule

Perspektiv	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	Kvar einskild elev skal oppleve meistring	Tilpassa læringsopplegg. Utvikle praktiske læringsarenaer
	Elevane skal oppleve eit trygt og inkluderande skulemiljø	Kvalitetssikre antimobbearbeidet - mobbeundersøing kvart år. Verktøy: Olweus - Det er ditt val - MOT - Fellesopplevingar
	Heimane skal vere godt informerte om skulen sitt arbeid	Lage nye info-rutinar og oppdatere informasjonsinnhald. Bruke månadsrapportar, møte og heimeside som info-arenaer.
	Heimane skal kjenne seg trygge i kontakten med skulen.	Dialog som verktøy. Skulere heile personalet i Dialog.
Omdøme	Vere ein attraktiv arbeidsplass - også med tanke på rekruttering	Relasjonsleiing. Byggje meistring saman med medarbeidarane. Dyrke styrken i mangfaldet blant dei tilsette. Personalsamling. Påfyll. Målretta rekruttering.
	Bli omtalt på gode måtar.	Gode info-rutinar. Godt system for dokumentasjon.
	Ha ein trygg og god atmosfære i all kontakt med foreldre.	Skulere heile personalet i Dialog. Vere open og inviterande i all kontakt med foreldre/føresette.
Ressursutnytting	Halde høg standard på undervisningsutstyr og materiell	Lage 3-årige rulleringsplanar for innkjøp.
	Auke treffsikkerheit og læringsresultat i spesialundervisninga	Samarbeide med PPT om å utvikle ein ny og fleksibel modell for spesialundervisning ved RU.
Organisasjonsutvikling	Utvikle oss til ein godt fungerande lærande organisasjon	Rektor tar vidareutdanning om lærande organisasjonar.
		Gjennomføre punkta i utviklingsplanen vår, og evaluere undervegs i tråd med prinsippa for lærande organisasjonar. Avdekkje endringsbehov ved bruk av lærings sirkelen/Ringstabbek-k, rysset.
Arbeidsmiljø	Alle tilsette skal kjenne seg verdfulle og viktige, og oppleve eit trygt og inkluderande arbeidsmiljø.	Medarbeidersamtalar. Samkjørt leiing. Management by walking around.
	Lågt sjukefråver.	Avdekkje problem tidleg og gjere noko med det raskt. Leggje tilrette for at det er lett å melde frå til leiinga. Open/inviterande.
	Bli flinke til å gjere kvarandre gode	Alle får ansvar. Ros. Konstruktive tilbakemeldingar.

Austebygd barnehage

Perspektiv	Mål	Tiltak
Nøgde brukarar	Auka fokus på god informasjon til heimane	Info gj. ulike dokumasjonsmåtar; t.d. "dagbok" på avd., "turbok" bilete på tavla frå aktivitetar, månadsbrev med positivt fokus m.m.
	Bruka nye verktøy i arbeidet med dokumentasjon av det enkelte barn si utvikling og trivsel i barnehagen	Etter avtale med heimane bruka observasjonsverktøyet "Alle med" - og ha dette som ei av rammene for det som vert tatt opp på foreldresamtalane
Omdøme	Foreldra skal kjenne seg stolte over barnehagen sin	Regelmessig oppdatering av heimesidene - med nytt stoff kvar veke Oppfordra heimane til å abonnere på nytt frå eigen barnehage
	Positiv omtale av barnehagen, både innad og utad	Bevisttgjering i personalet på korleis me ser på og snakkar om vår eigen arbeidsplass; ha fokus på alle dei positive sidene.
		Vera bevisste på å nytta ulike anledningar til å "visa fram" barnehagen (Radøynt, lokalavis, månadsamlingar, foreldrecaffi)
Ressursutnytting	Auka samspel mellom ped.leiar og styrar på budsjett/rekneskap	Gjennomgang av økonomisk stode og prioriteringar ca. ein gong for månaden, i samband med faste møte
	Spara ein del vikar ved fråvær, der dette kan lata seg gjera utan at drifta vert uforsvarleg.	Ved fråvær vurderer om det er nødvendig å setja inn vikar fullt ut. Ta opp problemstillinga til felles diskusjon på personalemøte
Organisasjonsutvikling	Fagleg utvikling og fornying	Intern kursing på planleggingsdag om MILL-teorien
		Studietur til MILL-barnehagar på Stord
